

435-

435-

Institutt for fruktdyrking

Norges landbrukskole

Stensiltrykk nr. 23

S O L B Å R S O R T A R

Av

Asbjørn Olafson

NLH 1979

Institutt for fruktdyrking  
Norges landbrukskole

Stensiltrykk nr. 23

S O L B E R S O R T A R

Av

Asbjørn Olafson

NLH 1979

## S O L B E R S O R T A R

---

### Innleiing

Solbær høyrer til planteslekta Ribes, som vidare høyrer inn under Bergsildrefamilien (Saxifragaceae). Av dei vel 150 artene innan denne slekta er det *Ribes nigrum* som blir rekna som stamarten til dei europeiske solbærsortane. Denne arten veks m.a. vilt i Finnmark.

Dyrking av solbær var ukjent i oldtida og kom truleg ikkje i kultur før det 15. hundreåret i Europa. Christian Gartner nemner at det var dyrking av solbær i Trondheim i 1694. I førstninga var solbærbusken mest brukt som medisinplante. Særleg vart bæra nytta mot feber, gikt og halsbrann. Sortane frå den tida hadde små bær. Storfrukta solbærsortar fekk vi først kring 1850, og dette auka interessa for dyrkinga. Frå 1870 hadde vi jamvel årvisse eksport av solbær frå Norge. Denne eksporten nådde toppen i 1926, for så å avta fram mot andre verdskrigene.

I dag importerer vi store mengder solbær. I 1976-77 importerte dei norske konservfabrikkane i alt 1560 tonn. Importen i 1977-78 vart rekna til 2150 tonn. Den norske produksjonen var i 1977 vel 7000 tonn, men berre ein liten del av dette gjekk til fabrikk. Det kan nemnast at i 1976 fekk industrien berre 200 tonn norskproduserte solbær. Hovudgrunnen til dette er at storparten av solbærbuskane finst i småhagar, og at avlinga såleis ikkje kjem ut på marknaden.

Av tala for importen går det klart fram at det norske solbærarealet bør aukast. Nye haustemåtar og betre sprøyteutstyr har gjort at kulturen i dag ligg høgt i lønsemid. Truleg er det for tida knapt noko bærslag som gir betre dekningsbidrag.

Det største problemet innan solbærdyrkinga er sortsvalen. Knapt nokon av dei sortane vi har i dag, fyller krava vi set til ein god solbærslag. Den eine grunnen til dette er at svært mange sortar er sterkt utsette for mjøldogg. Med flittig og rett sprøyting kan mjøldoggen haldast i sjakk, men dette kostar sjølvsagt pengar.

Den andre grunnen er buskforma. Mekanisk hausting, som er det einaste aktuelle i salsdyrkinga, krev opprette buskar. Sortar med utbreidd vekst er såleis lite aktuelle for yrkes-dyrkarar.

Hovudmålet i foredlinga er difor å få fram sortar med opprette buskar som er sterke mot mjøldogg. Nytt er det at det vert arbeidd med å utvikla sortar med stammeform, slik at haustinga vert lettare. Frå England og Tyskland har det i det siste kome mange nye sortar. Desse sortane er under prøving m.a. ved NLH, men vi veit enno for lite om dei. Fleire av dei har hevda seg svært godt i forsøk saman med eldre sortar. Det ville vera å vona at hovudsortane vi har i dag, snart vil bli avløyste av nye og betre sortar.

### Sortar

#### AMOS BLACK

Kryssing mellom Goliath og Baldwin. Laga ved East Malling, England i 1926. Send ut på marknaden i 1946. Til NLH 1950.

Veksten er kraftig. Busken blir brei og kompakt. Skota opprette. Svært utsett for mjøldogg. Lite hardfør. Blada er mørkegrøne og store. Bladranda er kraftig sagtakka med spisse takkar. Blomsten er heller stor, med kraftig raudfarga beger.

Klasen er kort og kraftig. Bæra er store og søte. Innhaldet av vitamin C er under middels, men konserveigen-skapane er tilfredsstillande. Skinnet er tjukt slik at bæra toler transport. Modninga er ujamn.

Avlinga er middels. Bæra modnar forholdsvis seint. Modningstid NLH 13/8.

Sorten er ikkje særleg hardfør og kan difor berre bli tilrådd som sein sort på dei beste stadene i landet. Amos Black blir planta ein del for å forlengja sesongen.

#### BALDWIN

Gammal engelsk sort, kjend i Kent i siste halvdel av det 19. hundreåret. Til NLH 1939.

Middels kraftig vekst med noko varierande vekseform. Stort sett låg og brei. Lite hardfør. Blada er middels store og mørkegrøne. Lange, smale og spisse lappar. Blomsten er heller liten. Begert er lyst grønt med rauder teikningar. Blomstrar tidleg. Sterk mot mjøldogg.

Baldwin har middels lang klase med middels store til store bær. Smaken er mild og syrleg. Høgt vitamin C-innhold.

Middels avling i Norge. Låg avling i svenske forsøk. Modningstid ved NLH 8/8.

Baldwin er lite hardfør og høver difor ikkje i innlandet. Sorten kan prøvast ved kysten.

#### BALDWIN HILLTOP

Denne sorten er ein utvald type av Baldwin og liknar mykje på denne. Veksten er middels kraftig og busken blir brei og nokså open.

Blada er middels store, grøne og med ein kraftig midtlapp. Bladranda er grovt sagtakka.

Klasane er middels lange med mange middels store bær som modnar noko ujamt. Smaken er syrleg. Sorten modnar middels tidleg.

I forsøk frå Kise har Baldwin Hilltop ikkje nådd same avling som Baldwin. Det skulle såleis vera liten grunn til å velja denne sorten framfor Baldwin.

#### BANG UP

Gammal sort, laga av engelskmannen W. Turner kring 1895. Sorten er her i landet synonym med Edina, men desse to har òg ofte vore omtala som to forskjellige sortar.

Veksten er middels kraftig og opprett. Bladfargen er svært lys, noko som er typisk for sorten. Busken er sterkt mot skade av bladfallsjukdommar, men svært utsett for mjøldogg. Herdigskapen er middels.

Klasane er korte. Bæra er store og av god kvalitet. Konservkvaliteten er bra. Innhaldet av vitamin C er lågt. Bæra heng godt på som fullmodne.

Avlinga kan vera bra i kyststrøk, men elles . mid-

dels. Modningstid NLH 6/8.

Sorten kan plantast ut mot kysten. Bang Up har vore hovudsорт her i landet, men er ikkje lenger like aktuell.

#### BEN LOMOND

Resultat av samme kryssingsprogrammet som Ben Nevis. Til NLH 1976.

Busken er heller svaktveksande. Den blir mindre og meir kompakt enn Ben Nevis. Middels sterk mot mjøldogg. Ikkje sterk mot solbærgallmidd.

Store bær med kraftig skinn. Bæra er svært gode til saftproduksjon.

I forsøket frå Skottland har sorten nådd 68 prosent meiravling i høve til Baldwin. Modningstid som for Ben Nevis, nokre dagar før Baldwin.

Sorten vart planta ved NLH i 1977. Ben Lomond blir i England sett på som ein mogeleg avløysar til Baldwin, som fortsatt er hovudsортen der. Det er grunn til å følgja denne sorten med interesse i åra framover.

#### BEN NEVIS

Utsend frå den skotske forsøksstasjonen Invergowrie. Den eine av foreldra er ein hybrid frå krysing mellom Brødtorp og Janslunda, og den andre av foreldra er ein hybrid etter krysing mellom Consort og Magnus. Sorten har gitt avling i forsøk sidan 1971 i Skottland. Til NLH 1976.

Veksten er middels kraftig og opprett. Middels sterk mot mjøldogg, men ikkje <sup>sterk</sup> mot solbærgallmidd.

Bæra er store. Skinnet er forholdsvis tjukt og seigt. Konservkvaliteten er truleg god. Det finst få resultat å stø seg til her.

I det skotske forsøket gav Ben Nevis 43 prosent meiravling i høve til Baldwin. Modnar nokre dagar tidlegare enn Baldwin.

Sorten vart planta ved NLH i 1977. Etter dei lovande resultata Ben Nevis har nådd i Skottland, kan sorten bli eit verdfullt tilskot til sortimentet vårt. Den opprette veksemåten skulle òg høva bra for mekanisk hausting.

### BLACKDOWN

Ny sort som er laga ved Long Ashton, England. Gitt avling i forsøk der sidan 1968. Ikkje komen til Norge.

Veksten er kraftig. Euskane blir større enn Baldwin. Den har nokså utbreidd vekst, men dette ser ut til å kunne bøtast på ved rett skjering. Busken er sterk mot mjøldogg.

Bæra er middels store til store. Klasane er lette å plukka for hand av di dei innerste bæra ikkje er festa for tett på basis av klasen. Skinnnet er sterkt slik at sjølv fullmodne bær godt toler handsaminga i samband med hausting. Bæra heng òg godt på. Innleiande prøvingar tyder på at bæra er av god konservkvalitet.

Sorten har gitt svært gode avlingar i høve til Baldwin. Det ser ut som om buskane kjem snøgt i god bering. I England modnar sorten ei veke tidlegare enn Baldwin.

I England blir sorten tilrådd som ein høgtytande sort som er av særleg interesse i distrikt der ein er plaga av mjøldogg. Blackdown bør prøvast i Norge.

### BOSKOOP KJEMPE

Gammal sort. Laga av hollendaren Hoogendyk kring 1885. Mykje planta i Norge før. Synonym er Hoogendyk's Seedling, Boskoop Giant, Langtraubige Schwarze.

Veksten er kraftig. Busken blir utbreidd og høg. Greinene er krokete og har svake greinvinklar. Dei er difor utsatt for snøbrekk. Blada er store, grove og mørkt grøne. Midtlappen er svært brei og avrunda. Blomsten er middels stor med mørkegrønt beger og sterk raudfarging av fruktknuten. Busken er utsatt for bladfallsjuke og mjøldogg.

Klasane er lange med store bær. Mild, god smak. Fin konservkvalitet, med høgt innhald av vitamin C.

Avlinga varierer mykje. Haustedato NLH 29/7.

Boskoop Kjempe er rask å hausta og bæra har god kvalitet. Avlinga har lett for å bli for lita, og kultivaren blir no avløyst av Silvergieter.

### BRØDTORP

Gammal finsk lokalsort med navn etter garden der den først blei dyrka. Synonym er Osmola, Hannula, Inga, Søbækgaard og Åström. Til NLH 1949.

Kraftig vekst. Busken blir låg og tett. Dei berande greinene blir ofte liggande på bakken, og har lett for å slå røter. Busken er svært hardfør. Blada er matte og nokså lyst grøne. Midtlappen er lang og tilspissa. Blomsten er middels stor med nesten fargelaust beger. Sterk mot mjøldogg. Mykje nytta i foredlinga.

Bærklasane er middels lange. Bæra er middels store til store og svært einsarta i klasen. Konservkvaliteten er under middels. Innhaldet av vitamin C er lågt.

Ber årvisst og har gode avlingar. Modnar ujamt og må difor haustast 2 gonger. Modningstid NLH 28/7.

Bør ikkje plantast i yrkesdyrkning av di busken har ei ueheldig vekseform. Kan nyttast i privathagar då Brødtorp er svært hardfør.

### CLIMAX

Frøplante av Black Naples laga av William Saunders, Ontario, kring 1887. Til NLH frå Njøs i 1938.

Busken er stor og kraftig med forholdsvis opprett vekst. Bæra er middels store med tynt skal og god smak. I eit eldre forsøk frå Njøs hadde Climax best avling av 11 sortar. Climax er no erstatta av nye og betre sortar.

### COTSWOLD CROSS

Kryssing mellom Goliath og Baldwin, laga av G. T. Spinks, Long Ashton i 1920. Send ut i 1933. Til NLH 1950.

Busken er middels kraftigveksande og utbreidd. Blada er flate og matt grønfarga. Midtlappen er avrunda og kort. Blomsten er grøn med rosa teikningar. Utsett for angrep av midd.

Klasen er middels lang. Det sit ofte to og to klasar saman. Bæra er middels store med syrleg smak. Dei har tjukt skinn og har lett for å rivna i stilkenden under plukking.

Middels avling. Modnar seint.

Cotswald Cross har ikkje lenger interesse hjå oss.

#### CRUSADER

Laga ved Division of Horticulture, Central Experimental Farm, Ottawa, Canada. Til NLH 1953.

Veksten er kraftig og gir ein opprett, open, men noko slengete busk. Blada er heller små, karakteristisk rynka, og med lang og spiss midtlapp. Blomsten er middels stor med lysegrønt beger med raude stripa.

Klasane er korte med litt ujamt store bær. Smaken er kraftig og litt sur. Under middels innhald av vitamin C. Middels konservkvalitet.

Avling under middels i norske forsøk. Modnar seint, men jamt.

Crusader produserer därleg pollens slik at den må pollineras av ein annan sort. Det skulle ikkje vera noko grunnlag for å plante denne sorten.

#### DANIELS' SEPTEMBER

Opphavet til denne sorten er ukjent. Navnet er brukt om to ulike sortar, ein frå Nederland og ein frå England. Sorten frå England har no fått namnet Daniels' September - type Laxton's Tinker. Til NLH frå Njøs 1938.

Busken har kraftig, utbreidd vekst. I norske forsøk har avlinga vore varierande, men ofte heller därleg. Modnar svært seint.

Klasane er lange med store bær. Innhaldet av vitamin C er over middels, og konservkvaliteten er svært god.

Daniels' September har for ulagleg vekseform og truleg for därleg avling til å kunna tilrådast for planting.

#### DAVISON'S EIGHT

Avkom etter kryssing mellom Goliath og Baldwin laga av G. D. Davison ved Westwick Fruit Farm, Norfolk, kring 1920. Kom til NLH frå Njøs i 1938.

Middels kraftigveksande, nokså opprett busk. Sorten har middels store klasar og middels bærstorleik. I eit eldre

forsøk frå Njøs har sorten gjeve under middels avling for forsøket. Davison's Eight er ein gammal sort utan interesse no.

#### EDINA (sjå Bang Up)

#### ERKHEIKKI VII

Opphavleg viltveksande. Vald ut ved forsøksstasjonen Øjebyn i Nord-Sverige på 1950-talet. Sortane Kangosfors og Snell kan vera identiske med Erkheikki VII.

Busken er svaktveksande og får lett ei nedliggende form. Bladfargen er som oftast mørkt grøn og blomsten er raudfiolett av farge. Middels sterk mot mjøldogg, men hardfør. Klasane er korte til middels lange med store bær. Modnar tidleg, nokre dagar etter Stella II.

Lokalsort som høver for klimaet i Övre Norrland i Sverige. Erkheikki VII har gjeve bra avlingar og kan prøvast nord i landet. Truleg har vi likevel andre sortar som høver betre.

#### FRENCH BLACK

Gammal sort som truleg skulle heita Merveille de la Gironde. Dette namnet blir ofte brukt i Frankrike som er opphavslandet til sorten. Til NLH frå Wageningen i 1953.

Busken er kraftig og utbreidd. Den har ikkje interesse her i landet.

#### FRØKJÆR

Funnen hjå Frøkjær Hansen i Tikøb, Danmark. Ukjende foreldre, men den liknar på Goliath.

Veksten er kraftig og opprett. Busken blir høg, open og utbreidd. Blada er store og lyse av farge. Dei har vel utvikla sidelappar med ein brei, kraftig midtlapp. Blomsten har gulgrønt beger med svak raudfarging i kanten.

Klasane er middels lange med få bær. Bæra har ujamn storleik og ein mild og sot smak. Under middels vitamin C-innhald.

Har gjeve gode avlingar i eit forsøk på Kise. Modnar seint.

Frøkjær gir bra avling, men ligg under middels i konservkvalitet. Dette gjer at vi har fleire andre sortar som bør plantast framfor denne sorten.

#### GOLIATH

Gammal sort som vart vald ut av G. P. Berry. Kjend frå 1847 og stammar truleg frå Victoria. Til NLH frå England i 1950. Sorten er svært lik Bang Up/Edina.

Busken er kraftigveksande og opprett. Set mange nye skot. Bladfargen er lysegrøn.

Korte klasar, ofte med berre fem bær i kvar. Bæra er store og velsmakande. Vitamin C-innhaldet er under middels, men sorten gir ei middels god saft.

Sorten har gjeve bra avlingar i norske forsøk. Tidleg og jamn modning.

Det finst fleire sortar ein bør velje framfor Goliath. Sorten har ingen spesielle eigenskapar som gjer at den bør plantast.

#### HOLGER DANSKE

Funnen av G. Kristensen, Danmark i ein plantning av Boskoop Kjempe. Til NLH frå Hornum i 1954. Kan vera identisk med Boskoop Kjempe.

Busken er svaktveksande og opprett. Blada er middels store, breie og svært lyse av farge. Lite herdig. Korte klasar med middels store bær. Smaken er god, og bæra modnar tidleg til middels tidleg. Sorten gir därlege avlingar. Holger Danske er ikkje aktuell til planting hjå oss.

#### INVIGO

Etterkomar etter Invincible Giant. Laga ved Max Plank Institüt i Vest-Tyskland. Planta ved NLH 1975.

Store, nokså opprettveksande buskar. Bra hardfør. Ved NLH har sorten synt seg å vera svært utsett for mjøldogg.

Lange klasar med langstilka, middels store bær. Bæra er faste, har middels høgt til høgt innhald av vitamin C, og er av god kvalitet.

Sorten har gitt svært høge avlingar i Tyskland. I eit

forsøk der Silvergieter, Baldwin og Goliath var med, gav Invigo rundt dobbelt så stor avling som desse. Modnar seint.

Invigo er under prøving ved NLH. Til no har det vist seg at sorten er svært plaga av mjøldogg. Må prøvast vidare før vi kan koma med tilrådingar om sorten.

### JÄNKISJÄRVI

Funnen vill i Tornedalen på finsk side. Vald ut ved forsøksstasjonen Øjebyn, Sverige på 1950-talet.

Svaktveksande. Opprett som ung, men seinare tendens til nedliggende vekseform. Unge blad er skålforma, eldre meir flate. Fargen er lys grøn og bladranda er grovt og uregelmessig sagtanna. Blomsten er middels stor og bleikt raudfiolett av farge. Busken er svært herdig og sterk mot mjøldogg.

Klasane er korte til middels lange. Store bær.

Har gjeve bra avlingar i nord-svenske forsøk. Modnar jamt og tidleg.

Jänkisjärvi kan prøvast i Nord-Norge då sorten er svært hardfør. Høver bra til mekanisk hausting.

### JET

Ny sort laga ved East Malling i England. Gitt avling der sidan 1971. Til NLH 1977.

Sterktveksande busk med kraftige, stive, litt utbreidde greiner.

Lange klasar med opp til 21 bær på kvar. Bæra er faste, middels store, og kan hanga på busken i fleire veker etter modning utan å ta skade. Jet har svært god konservkvalitet, men bæra manglar kanskje litt solbærlukt.

Ved East Malling har Jet gjeve nær 50 prosent meiravling i høve til Baldwin og Ben Nevis etter fire avlingsår. Sorten blømer seint og er moden ca. 10 dagar etter Amos Black.

Jet tykkjest vera ein svært lovande sort. Trass i den noko utbreidde vekseforma blir det hevda at busken høver godt for mekanisk hausting. Sorten bør utan tvil prøvast hjå oss. Den modnar seint og kan bli aktuell som ei forlenging av sesongen.

### LISSIL

Kryssing mellom Silvergieter og Liessawaja. Laga ved Max Plank Institut, Vest-Tyskland. Til NLH 1975.

Veksten er kraftig og busken blir høg, tett og brei. Bra hardfør. Set få, men kraftige skot. Utsett for mjøldogg i forsøk ved NLH.

Klasane er korte. Bæra er store. Smaken er mild, søtsyrlig og aromatisk. Innhaldet av vitamin C er middels høgt. Bærkvaliteten er god, og bæret er allsidig med omsyn til bruksområdet.

Lissil har gitt betre avling enn Silgo, men lågare avling enn Invigo og Meitgo i tyske forsøk. Modningstid middels tidleg.

Soren er under prøving ved NLH. Utsett for mjøldogg.

### LEPAAN MUSTA

Sorten kjem frå Finland. Til NLH 1951.

Har utbreidd vekst, men ikkje så nedliggende som Brødtorp. Busken skal vera like hardfør som Brødtorp. Lepaan Musta er òg svært sterkt mot mjøldogg.

Sorten har nådd middels avling i norske forsøk. Modnar tidleg

Lepaan Musta har kome i staden for Brødtorp i Finland. Bæra har lågt innhold av vitamin C, men har elles middels god konservkvalitet. Tvisamt om sorten vil bli planta i Norge av di den utbreidde veksten gjer mekanisk hausting vanskeleg.

Den har ingen spesielle eigenskapar som gjer at den bør plantast framfor Øjebyn i privathagar. Sorten kan kanskje erstatta Brødtorp i foredlingsarbeidet då den ikkje har så nedliggende vekst som denne.

### MALVERN CROSS

Sorten er ei kryssing mellom Baldwin og Victoria. Laga av G. T. Spinks ved Long Ashton, England i 1920. Send ut i 1946 og kom til NLH 1953.

Veksten er kraftig og noko utbreidd. Blada er store med bølga eller nedbøygd bladrand. Eldre blad blir skinande

og ser læraktige ut. Blomsten er raudfarga. Busken er lite herdig.

Klasane er middels lange og sit ofte to og to saman. Bæra er middels store. Skinnet er tjukt og seigt, og bæra har ein litt vassen smak.

Middels avling. Modnar seint.

Det blir ikkje lenger tilrådd å plante Malvern Cross.

#### MATKAKOSKI

Funnen viltveksande i Tornedalen, Finland. Spreidd av G. Karkiainen frå Matkakoski først i 1970-åra.

Ein veit lite om veksten til eldre buskar, men unge buskar har ein svært opprett veksemåte og er svaktveksande. Blada er små og mørkt grøne. Sorten er resistent mot mjøldogg. Klasane er middels lange med nokså små bær. Smaken er syrleg, og bæra høver godt til saft og som etebær. Modnar middels tidleg.

Sorten bør kanskje prøvast i Nord-Norge. Resistens mot mjøldogg og opprett vekst er faktorar som talar for dette. Matkakoski er i tillegg hardfør.

Meitgo

Kryssing mellom Lissawaja og Laxton's Mite-free. Laga ved Max Plank Institut i Vest-Tyskland. Til NLH 1975.

Kraftigveksane og frodig busk. Bra hardfør. Ved NLH har sorten vore utsett for sterke angrep av mjøldogg. På grunn av den frodige veksten kan busken raskt danna stamme. Ei slik buskform høver godt for mekanisk hausting.

Nokså korte klasar med middels store til store bær. Bæra er faste og tynnhuda, har middels innhald av vitamin C og høver godt til safting. Dei har høgt innhald av syre og har ein fyldig aroma.

Avlinga har vore god i tyske forsøk. Sorten gav nær dobbelt så stor avling som Baldwin, Silvergieter og Goliath. Berre Invigo hadde større avling enn Meitgo i dette forsøket. Bæra modnar middels tidleg til seint.

Meitgo er ein svært lovande sort ifølgje tyske forsøk. Ved NLH har sorten vore sterkt utsett for mjøldogg og må

prøvast vidare før vi kan ha noko velgrunna meining om den. Stammeformene av Meitgo gjer den interessant med omsyn til mekanisk hausting.

#### MENDIP CROSS

Sorten er ei kryssing mellom Baldwin og Boskoop Kjempe som vart laga ved Long Ashton av G. T. Spinks kring 1930. Send ut i 1932. Til NLH 1949.

Veksten er kraftig. Busken blir noko utbreidd og set mange nye skot. Blada er korte, grove og matce. Litt bølga bladrand. Blomsten er farga <sup>rosa</sup><sub>kiasar</sub>.

Middels lange til lange Store bær med syrleg smak. Vert lett overmoden. Skinnet er tynt slik at bæra ikkje toler ~~serleg~~ transport. Innhaldet av vitamin C er lågt.

Sorten har middels avling. Den modnar tidleg, men noko ujamt. Ved NLH 1/8.

Mendip Cross er ikkje lenger nokon aktuell sort til planting her i landet.

#### MIDNATTSSOL

Ei avvikande plante (truleg frøplante) funnen i ei rad med Sunderbyn II i ein planteskole i Sunderbyn i byrjinga av 1960-talet.

Busken har nedliggende vekst. Den er nokså utsett for mjøldogg, men sterkt mot midd. Klasane er middels lange med store, sôte bær.

Midnattssol er ein lokalsort med bra bærkvalitet. Busken er uskikka for mekanisk hausting av di bæra heng så fast til stilken. Vidare er den utsett for mjøldogg. Sorten fortener truleg ikkje prøving her i landet.

#### NIKKALA XI

Opphavleg viltveksande i Haparanda skjergard i Nord-Sverige. Vald ut ved Øjebyn forsøksstasjon på 1950-talet.

Veksten er nedliggende og krypande. Nokså svaktveksande. Blada er flate til skålforma med ein karakteristisk bulk i overgangen mellom sidelapp og midtlapp. Blada er små. Blomsten er middels stor og brunfiolett. Busken er

svært herdig og sterk mot sjukdommar.

Klasane er korte til middels lange. Bæra er store og svært gode på smak, men høver mindre bra til saft.

Sorten har gjeve gode avlingar i nord-svenske forsøk. Busken gir avling svært tidlig og har ofte bær alt i planteskolen. Bæra modnar svært seint og ujamt. Ofte rekk ikkje dei siste bæra bli modne.

Nikkala XI har mange gode eigenskapar, men er usikka for mekanisk hausting. Høver i kalde strøk. Kan såleis prøvast i privathagar nord i landet. Den passar mindre bra lenger sør.

#### RISAGER 21

Laga ved Statens Forsøgsstation Hornum, Danmark. Funnen i ei samling frøplanter av Brødtorp.

Veksten er middels kraftig. Busken blir svært brei og open slik at berande greiner vert liggande langs bakken. Blada er lange og smale med lang midtlapp og mindre sidelappar. Begeret er lysegrønt med sterk raudfarge. Busken er nokså sterk mot mjøldogg.

Klasane er middels lange med middels store bær. Smaken er mild og söt.

Sorten har gitt svært god avling i danske forsøk. Den modnar tidleg. Litt ujamt modne bær.

I forsøk her i landet har Risager 21 gitt middels avling. Sorten må prøvast meir før ein kan ha noka velgrunna meininger om den. Det ser likevel ut for at veksemåten er for utbreidd til mekanisk hausting.

#### ROODKNOP

Vart funnen som frøplante i ein Goliath-plantning i Groeningen, Nederland i 1921 av Leermens og Henstra. Synonym er Roodknop Goliath. Til NLH 1953.

Veksten er kraftig og opprett. Busken blir tett og brei. Blada er middels store, lengre enn breie og med lang midtlapp og korte sidelappar. Bladranda er grovt sagtakka. Blomsten er gulgrøn med fiolett beger. Sorten er svært sterk mot bladfallsjuke og bra sterk mot mjøldogg.

Klasane er middels lange. Bæra er store med ein söt og mild smak og øgt vitamin C-innhald. Gode konserveigenskapar. Har lett for å bli blaute. Kan drysse ein del når dei er modne.

Avlingane har vore låge ved NLH. Andre stader har avlingane vore gode. Haustinga kjem i 2. hausteveka. Ved NLH 2/8. Modninga er noko ujamn.

Det vert for tida planta ein del Roodknop i Norge. Vi kjenner lite til sorten, men den ser ut til å høva for maskinell hausting. Ein pause i nyplantinga kan vera fornuftig til vi kjenner sorten betre.

#### ROSENTHALS LANGTRAUBIGE

Sorten er framkomen hjå Rosenthal i Rötha, Tyskland. Den liknar Boskoop Kjempe til forveksling.

Veksten er kraftig og busken blir høg, utbreidd og open. Blada er store, breie, mørkt grøne, rynka og tilnærma læraktige. Bladranda er grovt sagtakka. Blomsten er middels stor og har grønt beger med sterkt raudfiolette flikar.

Klasen er lang med store bær. Smaken er söt og god. Vitamin C-innhaldet er under middels, men konservkvaliteten er god.

Sorten har gjeve middels avlingar i forsøk ved Kise og ved Hornum i Danmark. Den modnar tidleg og jamt hjå oss.

Det er fleire sortar ein bør velje framfor Rosenthals Langtraubige.

#### SILGO

Laga ved Max Plank Institut i Vest-Tyskland. Resultat av kryssing mellom Silvergieter og Lissawaja. Til NLH 1975.

Kraftigare vekst enn foreldresortane. Busken vert middels tett og opprett. Ikkje svært hardfør. Sterkt utsett for mjøldogg ved NLH.

Korte klasar med 7-10 svært store bær. Smaken er mildt söt-syrleg og aromatisk. Høver såleis svært godt til frisktkonsum. Innhaldelet av vitamin C er middels.

Sorten modnar tidleg og jamt. I eit tysk forsøk hadde Silgo om lag 20 prosent større avling enn Silvergieter og Baldwin.

Klasane høver for mekanisk hausting. Utsett for mjøldogg ved NLH. Må prøvast vidare.

#### SILVERGIERTER

Sorten kjem frå Nederland og vart laga av van der Slikke i 1926. Ein av foreldra er Boskoop Kjempe. Kom til Norge i 1950.

Veksten er kraftig og opprett. Sorten misser etter kvart mykje av evna til å setja nye skot og treng difor sterke skjering. Blada er lange med spisse lappar. Midtlappen er særleg kraftig. Bladranda er kraftig sagtakka. Blomsten er sterkt rosa med lyse årer. Busken er svært utsett for mjøldogg og bladfallsjuke. Ikkje serleg hardfør.

Klasen er middels lang til lang. Bæra er store med tynt, seigt skinn. God, mild smak. Tendens til dryssing ved modning. Konservkvaliteten er svært god. Innhaldet av vitamin C er middels.

Avlinga kan bli svært god. Modningstid NLH 31/7, samtidig eller få dagar etter Boskoop Kjempe. Jamn modning.

Silvergieter har vorte svært populær. Den er avlingsrik og rask å hausta. Silvergieter og Roodknop vert for tida tilrådd planta for mekanisk hausting. Sorten bør likevel ikkje plantast der vinteren er hard.

#### SOPERNIK

Ein gammal russisk sort.

Veksten er kraftig. Busken blir høg, opprett og tett. Blada er store og lengre enn breie. Bladranda er grovt og djupt sagtakka. Blomsten er middels stor med grønt beger der flikane er sterkt raudfarga. Sterkt utsett for mjøldogg.

Klasane er lange med kortstilka, store bær. Bæra har ein sterkt og söt smak. Innhaldet av vitamin C er over middels. Konservkvaliteten er därleg.

Sorten har gitt middels avling på Kise. I danske forsøk har ein kome til same resultat. Modninga er sein og ujamn.

Sopernik ser ikkje ut til å ha eigenskapar som tilseier planting av sorten i Norge.

## STELLA I

Kryssing mellom Boskoop Kjempe og Erkheikki utførd ved Alnarp på 1940-talet. Utvald ved forsøksstasjonen i Øjebyn, Sverige på 1950-talet.

Busken er sterktveksande og tett. Veksten er oppgitt til å vera opprett, men forsøk her i landet har vist at den er utbreidd. Blada er flate, tynne og svakt konkave. Bladfargen er lys grøn. Blomsten er liten og raudfiolett. Busken har skjøre greiner. Svært utsatt for mjøldogg. Bra hardfør.

Klasane er middels lange. Dei sit godt spreidde over heile busken slik at avlinga ofte er større enn den ser ut til. Bæra er nokså små og modnar jamt.

Sorten har gitt gode avlingar. Modnar svæt seint.

Stella I høver dårlig til mekanisk hausting av di greinene har så lett for å brekka. Sorten er tidkrevjande å hausta for hand av di klasane sit så langt inne i busken. Bør ikkje plantast før salsdyrking.

## STELLA II

Vald ut frå same kryssingskombinasjonen som Stella I.

Busken er sterktveksande og ofte noko utbreidd. Ikkje så tett som Stella I. Blada er flate, svakt skål-forma og forholdsvis mørkt grøne. Blomsten er middels stor og raudfiolett. Busken er like hardfør som Stella I og er like utsatt som denne for mjøldogg.

Middels lange til lange klasar. Bæra er middels store og modnar jamt.

Har gitt gode avlingar i norske og svenske forsøk. Modnar tidleg.

Stella I og Stella II høver ikke for salsdyrking av di buskforma er ulagleg. Konservkvaliteten er bra hjå begge. Dei er utsatte for mjøldogg, noko som er uheldig dersom dei står i villahagar. Det er såleis liten grunn til å tilrå desse to sortane for planting.

## STRATA

Stammar frå Brødtorp. Laga ved Max Plank Institut, Vest-Tyskland. Til NLH 1975.

Sorten har ein veksemåte som minner om Brødtorp. Høver difor ikkje til dyrking som stammeform på grunn av den utbreidde, nedliggande veksten. Ikkje så utsett for mjøldogg som dei andre sortane frå Max Plank Institut.

Klasane er lange. Bæra har middels innhald av vitamin C og er aromatiske og søte på smak. Høver til friskkonsum og som frysebær.

Har gitt svært store avlingar i tyske forsøk. Modnar tidleg.

Strata er, som alle dei andre nye sortane frå Max Plank Institut, under prøving ved NLH. Alle sortane er blitt sterkt nedsmitta av mjøldogg. Dette har gjort at vi førebels har få data om sortane. Strata klarar seg kanskje noko betre mot mjøldoggen, men sorten må prøvast vidare før vi kan ha noka meining om den.

## STRIPTA

Etterkomar av den skandinaviske villforma Oppsala IV. Laga ved Max Plank Institut, Vest-Tyskland. Til NLH 1975.

Blir brei og svært tett. Høver til dyrking som stammeform. Sterk mot frost i blomstringstida. Sterk mot bladfallsopp. Utsett for mjøldogg i forsøk ved NLH.

Korte klasar med svært store bær. Sterkt syrleg smak p.g.a. høgt syreinhald i bæra. Innhaldet av vitamin C er lågt. Bæra høver godt til safting og frysing. Ved mekanisk hausting fell bæra lett og raskt av.

Sorten har nådd svært høg avling i eit sortsforsøk frå Köln, Vest-Tyskland. I 1968 nådde den opp i over 5 kg pr. busk i middel. Modnar seint.

Stripta er under prøving ved NLH. Til no er det lite som tyder på at sorten høver serleg godt hjå oss. Dette kjem truleg av at busken har vore utsett for sterke åtak av mjøldogg.

## SUNDERBYN II

Svensk lokalsort. Vald ut ved Øjebyn forsøksstasjon kring 1950. Til NLH 1958.

Unge buskar er som oftest opprettveksande, men får etter nokre år ein nedliggende veksemåte. Nokså svaktveksande. Unge blad har eit matt, blågrønt skjær. Blada er skålforma og bladranda er middels djupt sagtakka. Fargen på blomsten er meir eller mindre sterkt raudfiolett. Busken er resistent mot mjøldogg og er svært hardfør. I svenske forsøk har den vist seg svært utsett for solbærgallmidd.

Klasane er korte, noko som gjer handplukking tidkrevjande. Bæra er svært store og gode på smak. Høg konserverkvalitet.

Middels avling. Modnar forholdsvis tidleg til middels tidleg. På buskar med nedliggende vekst modnar bæra ujamt, slik at det må haustast i to omgangar.

Sunderbyn II er resistent mot mjøldogg. Den høver ikkje for mekanisk hausting på grunn av veksemåten. Busken er svært hardfør og kan plantast, med bra resultat, så langt nord som til Tromsø. Lenger sør i landet har sorten liten dyrkingsverdi.

## SVARTEPER

Laga ved NLH i 1958. Kryssing mellom Boskoop Kjempe og Brødtorp. Med i forsøk ved NLH sidan 1963.

Veksten er open og tolleg opprett. Busken er svært hardfør og sterkt mot mjøldogg.

Klasen er middels lang med middels store bær. Gode konserveigenskapar.

Sorten har gitt svært gode avlingar der den er prøvd. Tidleg modning.

Svarterper er yterik og hardfør. Den er òg sterkt mot mjøldogg. Vekseforma gjer den mindre skikka for mekanisk hausting. Rett skjering kan likevel bøte på dette. Sorten er lovande og må prøvast vidare.

## TINKER

Sorten er laga av det engelske planteskolefirmaet Laxton Bros. i 1921. Kom hit til landet i 1945. Synonym er Laxton's Tinker.

Busken har nokså opprett vekst og set mange skot. Kraftig og robust. Blada er middels store og lyse av farge. Bladranda litt bølga, grov og skarpt sagtakka. Begerblada svakt rosa. Middels hardfør.

Lange klasar med middels store bær. Bæra heng godt på og er raske å plukke. Dei smakar litt surt. Konservkvaliteten er under middels. Høgt innhald av vitamin C.

Avlinga er til vanleg god.

Sorten er sein. Den modnar i 2. hausteveka. Ved NLH 6/8. Modninga er ujamn.

Har vore tilrådd som sein sort. Kan plantast der Amos Black ikkje er herdig nok.

## Tor Cross

Vald ut i ei samling frøplanter etter kryssing mellom Baldwin og ein ukjend sort, svært lik Boskoop Kjempe, av Spinks ved Long Ashton i 1924. Først etter ei sortsprøving som starta i 1954, kom dei til at sorten burde få ein viktigare plass i det engelske solbærsortimentet. Til NLH 1953.

Veksten er kraftig og noko utbreidd. Sorten set rikeleg med skot. Blada er store og breie. Busken er svært utsatt for mjøldogg. På grunn av dei store blada legg den seg utover i sterkt regnver.

Klasane er middels lange med middels store bær. Over middels vitamin C-innhald.

Tor Cross har hatt store avlingar på Kise og Njøs. Middels tidleg modning.

Tor Cross er utsatt for mjøldogg, men har vist seg å vera yterik. Den bør difor prøvast vidare. Sorten bør truleg ikkje plantast i nedbørrike strøk.

### VISTAVOTJNAJA

Ein gammal russisk sort.

Busken er låg, brei og open. Blada er middels store, mørkt grøne og karakteristisk "krølla".

Vistavotjnaja hadde lågast avling av alle sortar i eit stort sortsforsøk som starta i 1970 på Kise. Sorten modnar middels tidleg. Saftkvaliteten og innhald av vitamin C er under middels. Dette skulle tyda på at sorten ikkje er aktuell hjå oss.

### Wallace Seedling

Laga hjå Wallace & Son, England. Er svært lik Baldwin.

Veksten er middels kraftig. Busken blir låg, utbreidd og nokså open. Blada er middels store og mørkt grøne. Bladranda er grovt sagtakka. Blomsten er liten med gulgrøne kronblad. Noko utsett for mjøldogg.

Klasane er middels lange med middels store bær. Smaken er mild og syrleg. Høgt vitamin C-innhald. Ikkje mellom dei beste med omsyn til konservkvalitet. Sorten modnar seint.

Wallace Seedling har gitt gode avlingar i forsøk på Njøs og Kise. Blir nemnd som ein mogeleg konkurrent til Roodknop, men den må først prøvast meir.

### WASSIL

Kryssing mellom Silvergieter og Lissawaja. Laga ved Max Plank Institut, Vest-Tyskland. Til NLH 1975.

Veksten er kraftig. Høver godt som stammeform. Bra hardfør. Wassil har, som dei andre sortane frå Max Plank Institut, vist seg å vera utsett for mjøldogg i prøvefeltet ved NLH.

Klasane er middels lange med store bær. Bæra er faste og lausnar utan å få sår ved plukking eller risting. Innhaldet av vitamin C er middels høgt til høgt. Syreinnhaldet er høgt, og bæra har ein skarp solbæraroma.

Sorten har nådd om lag same avling som Lissil i forsøk i Tyskland. Modningstid er svært tidleg til tidleg.

Wassil er under prøving ved NLH. Busken har vist seg å vera utsett for mjøldogg.

#### WELLINGTON XXX

Laga ved East Malling, England 1913, ved ei kryssing mellom Boskoop Kjempe og Baldwin. Sorten kom til Norge i 1950.

Veksten er kraftig og busken blir forholdsvis låg, brei og open. Den gir mange og kraftige skot, og greinvinklane er gode. Blada er like breie som lange, med ein kraftig midtlapp. Bladranda er grovt sagtakka. Blomsten er raudoransje. Busken er utsett for bærbuskbladfall, mjøldogg og gråskimmel.

Klasane er lange, og bæra er store og gode på smak. Innhaldet av vitamin C er høgt. Konservkvaliteten er svært god. Bæra sprekk lett ved hausting.

Avlinga er til vanleg god og sorten er rask å hausta. Den modnar seint. Ved NLH 8/8.

Wellington XXX var ei tid tilrådd for planting i Norge. Den har mange gode eigenskapar, men er svært utsett for sjukdommar. Vekseforma høver heller ikkje for mekanisk hausting. Sorten vart avløyst av Bang Up.

#### WELLINGTON X - WELLINGTON XX

Desse to sortane har same opphav som Wellington XXX. Begge kom til Norge i 1954. Veksten er kraftig. Bæra er middels store og syrlege. Skinnet er tynt. Sortane hadde lågare avling enn Wellington XXX i svenske forsøk. Dei har heller ikkje fått serleg interesse her i landet.

#### WESTRA

Mutant av Westwick Choice, som vart indusert ved hjelp av røntgenstrålar. Laga ved Max Plank Institut. Til NLH 1975.

Svaktveksande og opprett. Sterkt utsett for mjøldogg i forsøk ved NLH.

Klasane er korte til middels lange. Bæra er store til svært store. Dei har jamvel som fullmodne seigt skinn slik

at dei høver for mekanisk hausting. Innhaldet av vitamin C er svært høgt. Dei store bæra høver godt til saft, også etter frysing.

Avlingstala frå tyske forsøk er varierande. Sorten modnar seint.

Westra er under prøving ved NLH. Sorten er sterkt utsett for mjøldogg.

#### WESTWICK CHOICE

Sorten er ei kryssing mellom Baldwin og French Black laga ved Westwick Fruit Farm i Norfolk, England, i 1913. Til NLH 1950.

Middels kraftigveksande. Busken er opprett og kompakt på grunn av dei mange skota den set. Blada er lange med utprega midtlapp. Bladranda er djupt og skarpt sagtakka. Blomsten er grøn med rosa teikningar.

Middels avling. Modnar seint, to-tre dagar før Amos Black. NLH 10/8. Modnar svært ujamnt.

Klasane er middels lange, sit ofte to til tre saman. Bæra middels store til store med syrleg smak. Tjukt og seigt skinn.

Westwick Choice er ein gammal sort som det ikkje lenger er grunnlag for å plante.

#### WESTWICK TRIUMPH

Sorten er ei kryssing mellom Goliath og French Black laga av G. D. Davison ved Westwick Fruit Farm i 1913. Til NLH 1953.

Heller kraftig vekst, utbreidd. Mørk bladfarge. Blada er korte med nedbøygd bladrand. Sidelappane ofte svært korte. Blomsten er gulgrøn med eit svakt rosa skjær.

Under middels avling. Modnar noko tidlegare enn Westwick Choice. Ved NLH 4/8. Modnar svært ujamnt.

Kort til middels lang klase. Bæra er små, syrlege og har tjukt, seigt skinn.

Ikkje lenger grunnlag for å plante denne gamle sorten.

### ØJEBYN

Funnen hjå Anders Olsson i Øjebyn i Nord-Sverige.

På lett jord har busken opprett vekst, men på næringsrik jord, eller ved sterk N-gjødsling, får den ofte låg og tett vekst. Blada er heller store og grove. Bladranda er grovt sagtakka og bladfargen mørkegrøn. Blomsten er liten og samantrykt. Busken er ein av dei mest hardføre vi har. Den er òg svært sterk mot mjøldogg.

Klasen er middels lang. Bæra er store til middels store.

Sorten gir gode avlingar. Tidleg moden. Jamt moden dersom busken har opprett vekst.

Øjebyn er uskikka for mekanisk hausting. Av di den er sterk mot sjukdommar, håver den godt i privathagar. Sorten er og herdig og gir god avling. For yrkesdyrkaren håver den godt til sjølvplukk.

